



Stadanalyse - Lindås gravplass



08.03.2023

Oversikt


Planområdet ligg like ved Lindås nærseiter i Alver kommune. Området er avsett til grav- og urnelund, bustad og grøntareal i gjeldande kommunedelplan for Lindås 2019- 2031. Planområdet ligg på nordsida av Lindåsvegen fv57. I austlege del av planområdet ligg dagens gravplass. Det ligg restar av eit forlatt småbruk igjen, medan resten av arealet ligg som grøntareal med lauvskog. Tilkømt til eksisterende gravplass i planområdet er frå Fonnebostvegen. Planområdet har veg på alle sider; Fonnebostvegen i aust, Kolåsvegen i nord og vest og fylkesveg 57 i sør. Planområdet grensar til Lindås nærseiter i nord, Kolås bustadfelt i nordvest, Lindås kyrkje i sørøst og Westland hotel i sørvest.



Gjeldande planar

Planområdet er ca. 44 daa.


Kommunen og Alver tomteselskap eig størstedelen av planområdet som gnr/bnr 108/36, 161, 380, 401 og 627. Gnr/bnr 108/383 er privat eigd. Eksisterande gravplass gnr/bnr 108/586 er eigd av Alver kyrkjelege fellesråd.




Utklipp av detaljregulering for Fv. 57 med gang- og sykkelveg Lindås tettstad – Mongstad

Området er avsett til grav- og urnelund, bustad og grøntareal i gjeldande kommunedelplan for Lindås 2019- 2031, PlanID 1263-201805.

Det er to reguleringsplanar i området, "reguleringsplan for Riksveg 568 gjennom Lindås tettstad" og "Detaljregulering for Fv. 57 med gang- og sykkelveg Lindås tettstad – Mongstad."



Kommunedelplan for Lindås 2019- 2031



Utklipp av reguleringsplan for Riksveg 568 gjennom Lindås tettstad

Stadens karakter/ Historie

Retten utanfor planområdet ligg Lindås kyrkjestad. Dagens kyrkje vart bygd i 1865. Prestegarden ligg like ved. Den tidlegare Middelalderkyrkja vart bygd i stein, truleg på 1100 talet. Denne bygningen vart ståande til noverande kyrkje var reist. Steinkyrkja stod nokre meter aust for dagens kyrkje. Gravplassen frå middelalderen må ha lege nord, aust og sør for steinkyrkja, og den er delvis avgrensa med ein kraftig steingard. Etter 1865 vart heile dette areal tatt i bruk til gravlegging.

Det er to SEFRAK bygg innanfor planområdet. I nordvest er det registrert ein potetkjellar frå før 1900. I nord står det eit våningshus frå 3. kvartal på 1800- talet. Den Trondhjemske postveg i Lindås går parallelt med Fonnebostvegen, innanfor planområdet. Vegen er bygd på slutten av 1700-talet og er den første veg det offentlege bygde mellom Bergen og Trondheim. Mykje av vegen vart lagt over tidlegare bygde- og allfarvegar. Vegen har nasjonal verdi som kulturminne.



FB - Utklipp av Trondhjemske postveg



1881.no - historisk foto 1967



1881.no - foto 2020

Landskap og Naturverdiar


Eksisterande gravplass ligg på eit flatt område innanfor planområdet. Frå gravplassen er det stigning opp mot Fv. 57 i sør.

Nord for gravplassen ligg ei kolle. Frå denne er det bratt stigning ned mot Kolåsvegen i nordaust.

Det er myr innanfor delar av planområdet i nordvest.

Planområdet har lauvskog av særskild høg bonitet.

Det er ikkje gjort funn av freda eller framande artar innanfor planområdet.



høydedata.no - høgdekart

Kommunikasjon og målpunkt

- Gravplass
- Buss
- Fv. 57
- - - Viktige ganglinjer fra kyrkja

